REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I HOLSEN GRENDALAG

TORSDAG 09.02.2023 KL. 19:30 PÅ HOLSEN SKULE

Til stades på årsmøtet: 15 personar

SAKLISTE

Sak 1 **Konstituering**

a) **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Årsmøtet vart spurt om nokon hadde innvendingar til innkalling eller saksliste.
Vedtak: Godkjent

b) **Val av møteleiar**
Forslag til møteleiar: Trine Renate Vallestad
Vedtak: Trine Renate Vallestad

c) **Val av skrivar**
Forslag til skrivar: Ingebjørg Nomeland
Vedtak: Ingebjørg Nomeland

d) **Val av 2 til å skrive under møteboka**
Forslag: Atle Holsen og Jorunn Fleten
Vedtak: Atle Holsen og Jorunn Fleten

e) **Val av teljekorps**
Forslag: Kay Egil Heimestøl og Stig Arve Holsen Foss
Vedtak: Kay Egil Heimestøl og Stig Arve Holsen Foss

Sak 2 **Årsmelding 2022**
Årsmeldinga vart godkjent som den står.

Sak 3 **Rekneskap 2022**
Vedtak: Rekneskapen vart godkjent av årsmøtet.

Sak 4 **Budsjett 2023**
Budsjettet må justerast på grunn av fakturaer frå 2022 som ikkje har kome inn enno.
Forslag til vedtak: Styret set opp eit budsjett som i utgangspunktet er likt som budsjettet for 2022, men med justeringar etter innkomne fakturaer.

Vedtak: Forslaget vart godkjent.

Sak 5 **Innmeldte saker**
Gatelys: kva er det som er vedteke kring oppføring av nye gatelys framover, og er det framleis semje om at det er dette grendalaget skal bruke ressursar på?

Forslag til vidare framgong: 1) Framdriftsplan for vidare utbyggjing blir delt på Facebooksida til grendalaget, 2) styret hjelper til med rekruttering til dugnad, 3) styret og vegljosnemnda tek eit møte for å a) leggje konkrete framdriftsplanar for 2023 og b) leggje budsjett og planar for vidare utbyggjing.

Sak 6 **Saker frå styret**

a) **Fullmakt til å bruke pengar frå den øyremerka «ungdomskontoen» til eventuelle barne-/ungdomsarrangement i 2023**
Det står pengar på ein konto som er øyremerka barn og unge. Dersom det blir aktuelt å lage til arrangement for ungdom i løpet av 2023, vil styret i grendalaget gjerne ha fullmakt til å bruke pengar frå årsmøtet.

Vedtak: Styret får fullmakt til å nytte midlar til barne- og ungdomstiltak.

b) **Fullmakt til å spleise på hjartestartar i Vettreiene innan ein 5-årsperiode**
Forslag: Grendalaget får fullmakt til å vere med og dele på kostnadene til ein hjartestartar som skal plasserast på Vettreiene. Grendalaget dekkjer inntil 50%, maksimum kr. 10.000,- og innkjøpet må skje innan desember 2027.

Vedtak: Styret i grendalaget får fullmakt til å vere med og dele på utgifter til hjartestartar på Vettreiene.

Informasjonssaker frå styret

a) **Bygdekafe**
Det kom eit initiativ frå innbyggjarar om å lage til ein møteplass på dagtid. Styret i grendalaget har vore med på å leggje til rette for å få dette til, og no er det planlagt to datoar for våren med felleslunsj på Bedehuset: 16.februar og 16.mars.

b) **Dugnad**
Det har kome førespurnad frå skulen om å vere med på dugnad i vår for å oppgradere uteområda på skulen/i barnehagen.

c) **Deling av dugnadsinntekter**
Idrettslaget har vedteke at der idrettslaget får oppdrag og inntekter på dugnadar, deler dei inntektene med grendalaget når folk frå bygda stiller opp.

d) **Innkjøp av nye bord til gymsalen**
Skulen og husstyret deler utgiftene og kjøper inn 10 nye bord til gymsalen.

e) **Vedtektsendringar**
Ordlyden i vedtektene må oppdaterast. Forslag om endringar kjem til årsmøtet i 2024.

Sak 7 **Forslag til tiltakspris for 2021**
Årsmøtet kom med fylgjande forslag: ingen.

Styret set ein frist for innmelding av forslag til tiltaksprisen for 2022: 1.april 2023.

Sak 8 **Val etter §5 i vedtektene**

På val:
Trine Renate Vallestad – styreleiar
Øystein Holsen – styremedlem
Ingebjørg Nomeland – styremedlem
Hildegunn Kvamme – varamedlem til styret
Ørjan Klakegg – varamedlem til styret
Atle Holsen – revisor
Johannes Fleten – revisor
Kay Egil Heimestøl – veglysnemnd
Arild Holsen – veglysnemnd
Einar Hove Sæterdal – veglysnemnd
Inger Unni Juklestad-Holsen – valnemnd

Slik er styret sett saman etter dagens val:

Verv	**Namn**	**Periode**
Styreleiar	Trine Renate Vallestad	2023
Styremedlem	Gert Høgseth	2022-2023
Styremedlem	Tommy Løkkebø	2022-2023
Styremedlem	Ingebjørg Nomeland	2023-2024
Styremedlem	Øystein Holsen	2023-2024
Varamedlem	Hildegunn Kvamme	2023
Varamedlem	Ørjan Klakegg	2023

Revisorar (1 år):

	Atle Holsen	2023
	Johannes Fleten	2023

Veglysnemnd (1 år):

	Kay Egil Heimestøl	2023
	Arild Holsen	2023
	Einar H. Sæterdal	2023

Valnemnd:

Valnemnd	Helge Sæterdal	2022-2023
Valnemnd	Inger Unni Juklestad	2023
Valnemnd	Knut Dvergsdal	2022-2024
Vara til valnemnd	Tove Mette Kvamme	2023

Signaturar:

Stad, dato Holsen, 02.03.2023
Atle Holsen
Atle Holsen

Stad, dato Holsen, 3.03.2023
Jorunn Lunde Fleten
Jorunn Fleten